



Eid kommune

Rådmann

Informasjon til heimane om skulefritidsordninga i Eid kommune

I Opplæringslova § 13 – 7 står det:

«Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1. – 4. årstrinn og for barn med særskilde behov på 1.-7.årstrinn. Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet. ...»

SFO er eit frivillig aktivitets- og omsorgstilbod utanom skuletida for 1. – 4. klasse.

Organisering og innhald av tilboda varierer noko frå skule til skule ut frå kor mange barn som er med på ordninga, og kva tilbod som fins på skulen og i nærområdet.

Det må vere minimum påmeldt 6 barn for at ordninga kan opprettast og drivast ved den enkelte skule.

Eid kommune har SFO tilbod på : Stårheim skule, Haugen skule, Hjelle skule og Nordfjordeid skule.

| Plasstilbod | Pris pr mnd. (betalingssatsar år 2019) |
|---------------|--|
| Inntil 8 t/v | Kr 1396 |
| Inntil 14 t/v | Kr 1998.- |
| Over 14 t/v | Kr 2374.- |

Oversikt over SFO tilboda, vedtekter for SFO og elektronisk søknadsskjema finn de på Eid kommune si heimeside www.eid.kommune.no.

For å vere sikra plass til hausten er søknadsfrist til SFO for skuleåret er innan **1.august**.

Det er likevel høve å søkje om plass i skuleåret, ein kan då starte på SFO 3 veker etter innsendt søknad.

Siste veka før skulestart i august og onsdag, torsdag og fredag i haust- og vinterferien har Nordfjordeid skule tilbod om SFO dersom det er minst 6 påmelde kvar dag. Frist for påmelding i feriar er 3 veker før kvart ferieopphald.

Er det spørsmål om SFO tilboda / søknaden, ta kontakt med den skulen de ønskjer plass eller Eid kommune, tlf. 57 88 58 00

Med helsing

Harald Sivertsen

Anita Sørland Aase

Kommunalsjef

konsulent